



Ivar Braut

Curriculum vitae

| | |
|----------------------------------|--|
| Adresse | Midtunv. 28, 5224 Nesttun |
| Fødselsdato | 28. februar 1956 |
| Sivil status | Gift, 3 barn |
| Utdanning | Teologisk embeteksamen MF 1980 I, praktikum MF 1981 I |
| Eventuelle faglege publikasjoner | Art. "Stillhet – bibeltekster og systematisk-teologisk drøfting" Luthersk kirketidende nr.18/2004 Art. "Etikk og politikk" i Magerøy: "Kristen i verden" 1992 |
| Arbeidspraksis | Prest (vikar) i Søndre Skøyen kapelldistrikt, Oslo 1981-82 (samarbeid Indremisjonsselskapet og Oppsal menighet) Kapellan Fossum, Oslo 1982-87 Lærer Bibelskolen i Grimstad (Indremisj.selsk) 1988-91 Kapellan Ilen menighet i Trondheim 1991-94 Sokneprest Stord og prost i Sunnhordland 1994-2000 Sokneprest i Birkeland, Bergen 2000- |
| Tillitsverv og engasjement | Presteforeningens liturgiske nemnd 1992-93 Styremedlem Moster kyrkjehistoriske senter 1995-2000 Bispedømet sin repr. i Samarbeidsrådet for Menighet og Misjon 2000- Bispedømrepr. i representantskapet Kirkens Bymisjon Bergen 2000- |
| Anna | Har arbeidd med heilsapsplanar og målsettingsdokument i lokalkyrkjelydane der eg har vore tilsett. |

Radiogudstenester NRK P1 tre gonger i 2003, nokre TV-gudstenester i NRK og ein del NRK-andakter.

Har fullført utdanninga "Spesialkompetanse for praktisk presteteneste" (SPP) med teoretisk del (SPP 3), Pastoral leiarutdanning (PLU) og Kristen spiritualitet og retreat (KSR).

Studieopphald systematisk teol. Tyskland sommaren - 79.

Svar frå Ivar Braut på spørsmål stilt av Bjørgvin bispedømmeråd.

1. Kva visjonar har du for Den norske kyrkja framover?

Eg vil bruka tre bilete for å få fram orda allmenn, forankra og frimodig:

Bilete 1 – allmenn: Det vanlege kyrkjemedlemmet kjenner glede over si lokale kyrkje. Ho blir møtt med respekt og varme sjølv om ho er sjeldan i kyrkja. Ho opplever kyrkja si som livsnær og kjenner at ho hører til. Og ho møter ein fulltonande bodskap om Jesu liv, død og oppstode.

Bilete 2 – forankra: Den trufaste kyrkjegjengaren får mat for trua og kjennar seg rikare som menneske og kristen ved å vera fast med på gudstenester og i kyrkjeleg arbeid. Den trufaste får ein djup lidenskap for kyrkja si som alltid er til stola på, som forkynner lov og evangelium utan å skjemmast og som er ein åndeleg heim der ein kan koma utan å gjera seg til. Den trufaste blir høyrt på og sett pris på.

Bilete 3 – frimodig: I det offentlege rommet møter ein ei kyrkje som med og utan ord fortel at ein reknar med Gud. Kyrkja er like mykje kjend for å gjera det gode som å seia det rette. Kyrkja seier ikkje noko om alt, og når ho talar er det annleis enn formuleringar frå eit alternativt politisk parti. Ho trur meir på bøn enn aksjonar.

2. Kva er kjernen i di forkynning av Guds ord?

Den treeinige Gud vil ha oss i samfunn med seg og med kvarandre.

- Gud Fader Skaparen gled seg over skaparverket og gjer alt for å vinna skapningen attende til opphavet sitt.
- Jesus Frelsaren er forsonaren som gav seg sjølv for oss for at vi skal få forlating for syndene, og ved hans oppstode får vi del i det nye livet og blir oppreiste og tenande menneske.
- Heilaganden arbeider på så mange vis, først og sist gjennom Guds ord, for å dra menneske til tru på Jesus og til å leva forsona med kvarandre.

3. Kva generelle leiareigenskapar har du?

Eg tenkjer lange liner og langsiktige konsekvensar, har oversikt og perspektiv. Det gjer meg stødig og uthaldande slik at eg held fast på ein kurs også i motvind – utan å missa proporsjonane. Eg har lett for å tenkja organisering og har god intuisjon. Og eg er kjenslevår og nokre gonger tynnhusa.

4. Kva vil du som biskop her i Bjørgvin legge vekt på i rolla som åndeleg leiar?

At eg sjølv og medarbeidarane ofte er i bøn og at vi er stille for Gud.

At vi tek tid til å lytta til Skrifta og arbeida seriøst med forkynninga.

At eg gir godt rom for samtale med dei vigsla medarbeidarane.
At eg oppmuntrar kyrkjelydane til levande kristent liv.

5. Fortel kort om dine personlege eigenskapar/åndelege utrustning/nådegåver.

Eg er solid, seig og uthaldande, har god arbeidskapasitet og bra fysisk form. Eg har ein indre ro, er seriøs, har humor, sjølvironi og eit lyst sinn. Vilje og evne til leiing og ope syn for dei som meiner og er annleis enn eg sjølv. Gåve til forkynning og glede ved å forkynna.

6. Nemn døme på situasjonar/saker/arenaer der du opplever å ha lukkast som kommunikator.

Viktigast er nok å nemna arbeidet i stab og sokneråd. Eg har ein samlande funksjon fordi eg lyttar og finn felles løysingar.

Som prost opplevde eg ofte å vera i tillitsfull dialog med kommuneleiinga. Generelt trur eg at eg kommuniserer slik at eg oppmuntrar, bind saman og hjelper medarbeidarar til å tenkja realistisk og konstruktivt. Ved nokre høve har eg hatt ei vegleiingsrolle som skapte ny forståing i staden for konflikt. Vidare tenkjer eg at det ofte lukkast - menneskeleg tala - å kommunisera som liturg og forkynnar.

7. Mange teologiske og kyrkjepolitiske saker er på dagsordenen i kyrkja. Nemn dei sakene du sjølv synest er mest avgjерande, og kva syn du har i desse sakene.

Dei mest omtala sakene er ikkje alltid dei viktigaste i eit større perspektiv. Fattigdommen globalt og vernet om ufødt og født sårbart liv er grunnleggande viktig, miljøengasjementet inkludert. Diakoni og forkynning skal aldri gløyma dei som lid.

Av andre saker vil eg nemna:

Forkynning til frelse ved Jesus Kristus aleine er heilt avgjерande for kyrkja. Vi skal forkynna frimodig til tru, vera ivrig på misjon, vera medlidande med Jesus som førebilete og lata Gud ta seg av dei evige spørsmåla.

Stat-kyrkje-debatten har fått ei ny vending med det breie forliket – som eg er glad for. No gjeld det om at kyrkjemedlemmene vel leiarane sine på alle nivå ut frå deira genuine interesse for kyrkja sitt oppdrag. Politiserte val vil ikkje tena folkekirkja. Tvert om treng vi å fostra kyrkjebyggjarar og ein kultur for mangfold, lojalitet og kyrkjeleg identitet.

Lat kyrkja vera kyrkje!

Homofile i kyrkja: Det er viktig at homofile – uansett korleis dei formar livet sitt – kan finna styrke for si kristne tru, mellom anna ved nattverdbordet. I det teologiske spørsmålet om homofilt samliv er mitt syn at det er i strid med Guds vilje. Eg er samd med ei nær samla Lærenemnd i at det likevel ikkje treng å

vera eit kyrkjesplittande spørsmål. Difor har eg også argumentert for fleirtalsvedtaket som Kyrkjemøtet gjorde sist haust. Men i tråd med det same vedtaket vil eg sjølv ikkje ordinera homofilt samlevande, og eg vil ikkje gje mi stemme ved tilsettingar. Men om ein homofilt samlevande likevel blir tilsett som t.d. prest i Bjørgvin vil eg gje tenestebrev og samarbeida som med alle andre.

Eg vil forsvara rom i kyrkja for dei som i motsetnad til meg meiner at spørsmålet er kyrkjesplittande.

8. Er det noko anna du vil legge vekt på eller du vil bispedømmerådet skal vere kjent med?

Bjørgvin bispedøme skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar på alle vis. Nyutdanna diakonar, kateketar og prestar skal få lyst til å koma til Bjørgvin. Dei som er fylt 60 skal framleis vera attraktive sokjarar. Det må bli fleire kvinner som sokneprestar og prostar.

Lokalkyrkjelyden skal sjølv avgjera kva dei vil satsa mest på. Biskop og bispedøme er framom alt ei støtte for lokalkyrkjelyden og skal sjeldan kunngjera særskilte satsingsområde for alle kyrkjelydar. Men bispedømet sitt motto bør leva vidare, og det vellukka barneåret og medarbeidaråret kan ein byggja vidare på.